

Til  
Rådmann

## UTTALE FRÅ LEIINGA KOMMUNEREKNESKAP FOR 2017


Revisjon etter kommunelova skal skje med grunnlag i god kommunal revisionsskikk, jf koml. § 78 med tilhøyrande forskrift. Revisjon etter god kommunal revisionsskikk skal følgje internasjonale revisjonsstandarder (ISA-er), fastsatt av International Auditing and Assurance Standards Board (IAASB).

Vi viser også til kommunelova § 23, som tydeliggjør administrasjonssjefens ansvar for å føre kontroll med den kommunale verksemda. I tråd med allment aksepterte prinsipp vil ein leiar måtte etablere rutinar og system for å sikre at verksemda når dei mål som er sett, samt ei forsvarlig formuesforvaltning. Revisor skal som kjent skriftleg påpeike feil og manglar ved organiseringa av den økonomiske internkontrollen i kommunen.

Det følgjer av *ISA 580 – Skriftlige uttalelser*, at revisor må innhente føremålstenlege uttaler frå leiinga. Det må innhentast skriftlig uttale om at leiinga meiner dei har oppfylt sitt ansvar for å utarbeide rekneskapen og for fullstendigheita av informasjonen som er gitt til revisor, samt for å underbygge anna revisjonsbevis. Vidare følgjer det av *ISA 240 – Revisors oppgaver med og plikter til å vurdere misligheter ved revisjon av regnskaper*, at revisor må innhente skriftleg uttale frå leiinga om sentrale spørsmål og vurderingar i forhold til misleghald. Etter *ISA 560 – Hendelser etter balansedagen*, har revisor også plikt til å vurdere hendingar etter utløpet av regnskapsåret.

Dette er bakgrunnen for at vi har funne det rett å be om ein særskilt skriftleg uttale frå kommunens ansvarlige administrative leiing om at dei meiner å ha oppfylt sitt ansvar for utarbeiding av årsrekneskapen og at den, så langt leiinga kjenner til, inneholder dei opplysningar som lov og god communal rekneskapsskikk krev. Vedlagt følgjer ei slik erklæring for årsrekneskapen. Saman med ei oppsummering av eventuelle feil i rekneskapen som revisor har påvist og som seinare ikkje er retta, vil uttalen dekke vårt behov.

Vi håpar kommuneleiinga finn erklæringa hensiktsmessig. Med referanse til punktet om hendingar etter utløpet av regnskapsåret, er det naturleg at erklæringa dekker tidsrommet fram til vi skal avgje revisjonsmelding. Vi ber difor om at vedlagt uttale i utfyld og underskrevne stand blir sendt oss før revisjonsmeldinga blir signert.

Isdalstø, 18.02.2018  
 Nordhordland Revisjon IKS  
  
 Reidar Bjørsvik  
 Revisjonssjef